



Faren til Atle Helland, Halldor (75), har vore fotomodell både i inn- og utland. Her er han slåttekar på bygdetunet på Rød i Uskedalen for eitpar år sidan. (Foto: Atle Helland)

Fotograf Atle Helland, busett på Valen, har verkeleg vind i segla med fotokurs for tida. Det gjeld også her i Uskedalen, der Uskedal Utvikling har teke initiativet og fått i stand eit kurs med Helland i Gamleskulen 14., 16. og 18. februar. (torsdag, laurdag og måndag).

Kurset vart fort fullteikna med 13 deltakarar og no står det ni til på venteliste, fortel Helland til uskedalen.no. Difor håpar han at det kan bli eit kurs til i Uskedalen før sommarferien. Også eit kurs på Halsnøy Kloster seinare i februar er fullteikna.

På dei siste 15 månadene har den anerkjente fotografen halde fem kurs forskjellige stader i Kvinnherad og den store interessa har ei klar årsak. Den digitale fotograferinga grip stadig meir om seg. Og no er det tydeleg at mange har fått digitale kamera til jul, ikkje minst i Uskedalen!

Ein føresetnad for deltaking på kursa er difor at ein disponerer både digitalt kamera og bærbar pc.

Den første dagen under kursa til Helland blir det naturleg nok mykje teoriopplæring. På dag nummer to står portrettfotografering på programmet før Helland tar klassa med seg ut. Men hvis veret er ille, ser han for seg fotografering til dømes inne på Bøkkerverkstaden, der det er mange spanande motiv.

Siste kursdagen blir det mykje foshop-arbeid og punktum blir sett med at alle kopierer eit bilete for seg sjølve.

Av Ola Matti Mathisen